



Årdal kommune
Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 22.11.2021

Møtetid:

Kl. 13.00 - 15.30

Møtestad: Møterom Kantina

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte
Ida Thune
Odd Øvregard
Oddgeir Øren
Odveig Borlaug
Steinar Drægri

Møteleiar:	Steinar Drægri
Frå adm. møte:	Hilmar Høl - Ordførar. Mette Hestun Berg (kommunalsjef Helse, omsorg og NAV). Lene Risløw, møtesekretær
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Fellesmøte med Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Underskrifter:

Ida Thune

Line Hillestad

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
039/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
040/21	Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022 - 2025
041/21	Uttale til budsjett/handlingsplan 2022
042/21	Ringbussen
043/21	Tonoavgift
044/21	Underholdning - Helge Folgerø
045/21	Ymse

039/21: Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

22.11.2021 Årdal eldreråd

ÅER- 039/21 Vedtak:

Ingen kommnetar til innkallinga

Protokoll signerar av Line Hillestad og Ida Thune

040/21: Budsjett 2022 / Økonomiplan 2022 - 2025

Tilråding:

1. Driftsråmene vert vedtekne med netto utgift pr ansvar slik det kjem fram i budsjettskjema §5-4 Sum bevilningar drift, netto.
2. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke slik det kjem fram i invsteringsoversynet i saka, jmfr §5-5 Bevilningsoversikt investering.
3. Skattemarginen:
Marginen/kommunal skatteøyre vert fastsett til 10,95%. Forskotsskatt og forskotstrekk for 2022 på personlegeskatteytarar vert skrive ut etter høgste satsane som Stortinget har vedteke for inntekt og formue.
4. Kommunale avgifter, satsar og prisar:
Prisane vert endra frå 01.01.22, slik det går fram av prislista som ligg som vedlegg til denne saka.
Termininnbetaling på offentlege skattar og avgifter:
Kommunale avgifter (vatn,kloakk,renovasjon og feiing) og eigedomsskatt skal betalast i 4 terminar, med forfall: 15.februar, 15.mai, 15. august og 15. november.
5. Husleigenivå:
Husleigene i kommunale utleigebustadar vert justert frå 01.01.22.
6. Næringsfondet:
Det vert nytta kr. 6.092.000,- av næringsfondet til fylgjande overføringar:

Visit Sognefjord	Kr 320.000,-
Sogn Regionråd	Kr 472.000,-
Veterinærtenesta	Kr. 100.000,-
Årdal Utvikling	Kr. 5.200.000,-
7. Eigedomsskatt:
 - a. Årdal kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i paragraf 3 a i lov om eigedomsskatt, dvs, alle faste eigedommar.
 - b. Skattesatsen er 7 promille av skattetakstgrunnlaget. For bustader og fritidseigedomar er skattesatsen 4 promille av skattetakstgrunnlaget gjeldande frå 2021. Jmfr esktl. §11 første ledd
 - c. For eigendomsskatteåret 2022 skal det også skrivast ut eigendomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til

eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 være lik 5/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaket av nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjoner ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom.

Bruk av overgangsbestemmelsen innebærer at kommunen innan utskrivingsfristen, dvs. 1. mars 2019, må ha fastsatt nye eiendomsskattegrunnlag for alle verk og bruk som blir næringseiendom for å kunne beregne det særskilte grunnlaget som skal trappes ned. Ved denne retakseringen skal takstgrunnlaget kun omfatte tomt, bygg og maskiner som tjener bygget eller eiendommen. I tillegg skal taksten være fastsatt etter den nye verdsettelsesregelen i esktl. § 8 A - 2 første ledd: «Verdet av eiegenomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eiegenomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for unde r vanlege salstilhøve ved fritt sal. Verdet av næringseiendom skal setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.»

d. For eiendomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eigendomsskatt på bygninger og grunnareal for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom, så langt disse var omfatta av eiendomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 andre ledd.»

e. Eiegenomsskatten skal betalast i 4 terminar med forfall: 15.februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

f. Ved taksering og utskriving av eiegenomsskatt nyttar Årdal kommune tidlegare vedtekne skattevedtekter.

g. Fritak for eiegenomsskatt

Fritak for eiegenomsskatt for skatteåret vert annonsert og objekteigane må søka om fritak for skatteåret 2022 (Jfr. Lov om eiegenomsskatt).

8. Årdal kyrkjelege fellesråd:

Overføringen til Årdal kyrkjelege fellesråd vert fastsett til kr. 4.750.000,- for 2022.

9. Låneopptak:

Finansieringa av investeringane i 2022 i samsvar med investeringsbudsjettet, vert dekkja inn med låneopptak. Låneopptaket kjem fram i budsjettskjema §5-5 Bevilningsoversikt – investering (2A).

10. Eigenkapitalinnskott KLP/bruk av premiefond:

Eigenkapitalinnskottet til KLP på omlag kr. 1.900.000,- vert finansiert med bruk av ubunde kapitalfond. Ein eventuell rest på premiefond i KLP skal nyttast til betaling av pensjonskostnadane i 2022.

Møtebehandling:

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

Fskap- 169/21 Vedtak:

Budsjett 2022 og Økonomiplan 2022-2025 vert til utlegging til offentleg ettersyn i 14 dagar frå utleggingsvedtak 19. november 2021. Høyringsfrist vert 3. desember 2021 kl. 15.00.

1. Driftsråmene vert vedtekne med netto utgift pr ansvar slik det kjem fram i budsjettskjema §5-4 Sum bevilningar drift, netto.
2. Investeringsbudsjettet for 2022 vert vedteke slik det kjem fram i investeringsoversynet i saka, jmf §5-5 Bevilingsoversikt investering.
3. Skattemarginen:
Marginen/kommunal skatteøyre vert fastsett til 10,95%. Forskotsskatt og forskotstrekk for 2022 på personlegeskatteytarar vert skrive ut etter høgste satsane som Stortinget har vedteke for inntekt og formue.
4. Kommunale avgifter, satsar og prisar:
Prisane vert endra frå 01.01.22, slik det går fram av prislista som ligg som vedlegg til denne saka.
Termininnbetaling på offentlege skattar og avgifter:
Kommunale avgifter (vatn,kloakk,renovasjon og feiing) og eigedomsskatt skal betalast i 4 terminar, med forfall: 15.februar, 15.mai, 15. august og 15. november.

5. Husleigenivå:
Husleigene i kommunale utleigebustadar vert justert frå 01.01.22.

6. Næringsfondet:
Det vert nytta kr. 6.092.000,- av næringsfondet til fylgjande overføringer:

Visit Sognefjord	Kr 320.000,-
Sogn Regionråd	Kr 472.000,-
Veterinærtenesta	Kr. 100.000,-
Årdal Utvikling	Kr. 5.200.000,-

1. Eigedomsskatt:
 - a. Årdal kommune skriv ut eigedomsskatt med heimel i paragraf 3 a i lov om eigedomsskatt, dvs, alle faste eigedommar.
 - b. Skattesatsen er 7 promille av skattetakstgrunnlaget. For bustader og fritidseigedomar er skattesatsen 4 promille av skattetakstgrunnlaget gjeldande frå 2021. Jmfr esktl. §11 første ledd
 - c. For eigendomsskatteåret 2022 skal det også skrivast ut eigendomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i medhald av overgangsregelen til eiendomsskatteloven §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 være lik 3/7 av differansen mellom eiendomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaket av nye verdsettelsesreglar og at produksjonsutstyr- og installasjoner ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseigedom.

Bruk av overgangsbestemmelsen innebærer at kommunen innan utskrivingsfristen, dvs. 1. mars 2019, må ha fastsatt nye eiendomsskattegrunnlag for alle verk og bruk

som blir næringseiendom for å kunne beregne det særskilte grunnlaget som skal trappes ned. Ved denne retakseringen skal takstgrunnlaget kun omfatte tomt, bygg og maskiner som tjener bygget eller eiendommen. I tillegg skal taksten være fastsatt etter den nye verdsettelsesregelen i esktl. § 8 A - 2 første ledd: «Verdet av eiegenomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eiegenomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for unde r vanlege salstilhøve ved fritt sal. Verdet av næringseigedom skal setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.»

d. For eiendomsskatteåret 2022 skal det vidare skrivast ut eiendomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som fra og med 2019 blir ansett som næringseiendom, så langt disse var omfatta av eiendomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eiendomsskatteoven §§ 3 og 4 andre ledd.»

e. Eieendomsskatten skal betalast i 4 terminar med forfall: 15.februar, 15. mai, 15. august og 15. november.

f. Ved taksering og utskriving av eieendomsskatt nyttar Årdal kommune tidlegare vedtekne skattevedtekter.

g. Fritak for eieendomsskatt

Fritak for eieendomsskatt for skatteåret vert annonsert og objekteigane må søka om fritak for skatteåret 2022 (Jfr. Lov om eieendomsskatt).

8. Årdal kyrkjelege fellesråd:

Overføring til Årdal kyrkjelege fellesråd vert fastsett til kr. 4.750.000,- for 2022.

9. Låneopptak:

Finansieringa av investeringane i 2022 i samsvar med investeringsbudsjettet, vert dekkja inn med låneopptak. Låneopptaket kjem fram i budsjettskjema §5-5 Bevilningsoversikt – investering (2A).

10. Eigenkapitalinnskott KLP/bruk av premiefond:

Eigenkapitalinnskottet til KLP på omlag kr. 1.900.000,- vert finansiert med bruk av ubunde kapitalfond. Ein eventuell rest på premiefond i KLP skal nyttast til betaling av pensjonskostnadane i 2022.

11. Årdal kommune tek opp inntil kr. 10 millionar i Startlånsmidlar til vidaretildeling.

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Geir Hansen deltek frå Økonomi og presenterar budsjettet og Økonomiplan. Dette var ei sak på formannskapssak fredag 19.11.21 430.000.000 skal fordelast på fleire oppgåver.

ÅER- 040/21 Vedtak:

Saka er teke til orientering.

041/21: Uttale til budsjett/handlingsplan 2022

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Råda einast kjapt om å lage uttale på misnøye med fjering av Aktivitør på sjukeheimane, musikkterapeut og reduksjon i dagar på dagsenteret og fotterapeut-saka.

ÅER- 041/21 Vedtak:

Vert jobba vidare med. Frist kl. 15:00 den 3. desember.

Steinar Drægri framarbeidar ein uttale som sendes for godkjenning via mail.

042/21: Ringbussen

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Oddgeir Øren skal laga eit opplegg som rådet kan bidra med å distribuera rundt om i Årdal kommune.

ÅER- 042/21 Vedtak:

Oddgeir Øren lagar eit forslag

Samrøystes vedteke

043/21: Tonoavgift

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Steinar Drægri har sjekka med leiar i eldrerådet i Sogndal og Luster. Dei seie dei har ikkje konsertar.

ÅER- 043/21 Vedtak:

Leiar tek kontakt med kommunen om å få til ein tonoavtale. Så tek vi det der ifrå.

Samrøystes vedteke.

044/21: Underhaldning - Helge Folgerø

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Mette Hestetun Berg fortel om då ho såg han i Flåm. Ho er og i gong med å forhandla om ei framsyning i Årdal. Det er ynskje om å få litt bistand til å få istand denne framsyninga.

Dette vert annonsert når det nærmar seg meir.

Steinar Drægni foreslår at Mette Hestetun Berg kjem med ein forespørsel på kor mykje dei treng frå Eldrerådet i denne saka.

Oddgier Øren foreslår at rådet betalar reise og opphold for Helge Folgerø.

Det blei ikkje stemt over desse to forslaga, men rådet ynskje å bidra.

ÅER- 044/21 Vedtak:

Saka vert teke til viten.

045/21: Ymse

22.11.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Eldredagen: Vellukka arrangement. Det var mykje arbeid og gode tilbakemeldingar i avisa.

Busstoppen på torget på Tangen - rådet ynskje å få ein skrifteleg begrunning på kvifor denne ikkje kan flyttas.

ÅER- 045/21 Vedtak:

Sakene teke til orientering